



Byggmester Øyvind Litangen
Orrhøyen 12
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/288 - 15/23057

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
29.12.2015

Godkjenning - tillatelse i ett trinn, tilbygg til fritidsbustad gbnr 52/42 Kårbø.

Administrativt vedtak. Saknr: 451/2015

Tiltakshavar: Jan Myrås
Ansvarleg søkjar: Byggmester Øyvind Litangen
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

Saksutgreiing:

Saka gjeld oppføring av tilbygg til eksisterande fritidsbustad på gbnr 52/42 på Kårbøneset i Meland kommune. Søknad med vedlegg vart motteke 28.10.2015. Storleiken på tilbygget er oppgeve til 62,5m² BRA og eksisterande fritidsbustad har ein BRA på 57,5m², tilsamanan 120m² BRA.

Det er også søkt om utsleppsløyve og tilkopling til kommunalt vasserk. Desse sakene vert handsama separat seinare.

Vurdering:

Nabovarsel:

Tiltaket er nabovarsla og det er ikkje motteke merknader. Eigar til gbnr 52/37 si adresse er ikkje kjend og det er difor søkt om fritak frå nabovarsling for denne egedomen. Kommunen har ingen merknad og godtek her fritak frå nabovarsling. Nabovarsel er i samsvar med plan- og bygningslova § 21-3.

Plan- og lovgrunnlag:

Egedomen gbnr 52/42 er ein fritidseigedom som ligg innafor eit område som i kommuneplanen er avsett til byggeområde for fritidsbusetnad. Planføresegnene inneheld krav om godkjent reguleringsplan før byggjetiltak kan setjast i verk. Det omsøkte tiltaket ligg også nærare strandlina enn 50 m. Tiltaket er difor avhengig av dispensasjon.

Tiltakshavar har i skriv dagsett 23.02.2015 søkt om dispensasjon. Denne vart handsama og godkjent i administrativt vedtak av 01.06.2015, sak DNT.183/2015.

Plassering av tiltaket og avstand til nabogrense:

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden, jf situasjonsplan motteke 28.10.2015, jf pbl § 29-4. Tiltaket kjem ikkje i konflikt med nabogrenser.

Planløyising, høgde og utsjånad:

Tiltaket skal oppførast i samsvar med vedlagt plan-, snitt- og fasadeteikningar motteke 28.10.2015. Kommunen vurderer at tiltaket stetter krava i pbl §§ 29-1 – 29-3.

Ansvarsrettar:

Det er søkt om følgjande ansvarsrettar:

Føretak:	Godkjenningsområde for ansvar og funksjon:
Byggmester Øyvind Litangen Org.nr 911913038 Sentral godkjenning	SØK, ansvarleg søkjar PRO, trekonstruksjonar (tkl 1) UTF, membran våtrom (tkl 1)
Mathias Nyheim AS Org.nr 989441752 Sentral godkjenning/lokal godkjenning	PRO, grunnarbeid og landskapsutforming, plasztøpte betongkonstruksjoner (tkl 1) UTF, graving, sprenging, planering/grunnmur (tkl 1)
Terje Brakstad Org. nr 986202471 Lokal godkjenning	UTF, tømrrarbeid (tkl 1)

Vedtak

«Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a og c, vert det gjeve løyve til tiltak i eitt trinn for oppføring av tilbygg til fritidsbustad på gbnr 52/42, jf søknad motteke 28.10.2015. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga og vurderinga ovanfor.

Plasseringa av tilbygget skal vere som vist på vedlagte situasjonskart motteke 28.10.2015, med eit toleransekrav i horisontalt og vertikalt plan på høvesvis +/- 50 cm og +/- 20 cm. Minstegrensa til nabogrenser er absolutt. I høve til utforminga av tiltaket vert det vist til vurderinga over og vedlagte teikningar motteke 28.10.2015.

Ansvarsrettar vert godkjent som omsøkt, jf vurderinga ovanfor, jf pbl § 23-3.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse. Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at byggjeløyve vart gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med krav og vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, så framti ikkje anna er bestemt ovanfor.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Godkjent kart og teikningar 52-42

Kopi til:

Jan Myrås

Åmundsdalen 163 5115
D

ULSET

Mottakere:

Byggmester Øyvind Litangen

Orrhøyen 12 5918

FREKHAUG